



Møtebok  
for  
Utval for levekår

EKSTRAMØTE

**Møtedato:** 08.06.2015  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00 - 18:15

| Møtedeltakarar        | Parti | Rolle       |
|-----------------------|-------|-------------|
| Kåre Skibenes         | KRF   | Utvalsleiar |
| Elna H Bjørndal       | H     | Nestleiar   |
| Mabel Johansen        | H     | Medlem      |
| Ørjan Kristiansen     | FrP   | Medlem      |
| Sølvi Norunn Knudsen  | SP    | Medlem      |
| Astrid Anne Fjeldstad | SP    | Medlem      |
| Øyvind Oddekalv       | AP    | Medlem      |
| Erling Rønnestad      | KRF   | Medlem      |
| Anne Berit Kolås      | SAM   | Varamedlem  |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti |
|-----------------------------------|-------|
| Morten Sakstad                    | SAM   |

---

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Kari Anne Iversen

Tenestoområdeleiar Britt Romarheim, ergoterapeut Lise Helene Paulsen og fysioterapeut Magne Legernes i sak 33/2015

Tenestoområdeleiar Bente Bing Kleiva og kulturkonsulent Eirik Bouwer Utne i sak 34/2015

---

## Sakliste

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>   |
|--------------|---|
| 30/2015      | Godkjenning av innkalling og sakliste                           |
| 31/2015      | Godkjenning av møtebok  |
| 32/2015      | Referatsaker  |
| 33/2015      | Orientering om Prosjekt kvardagsrehabilitering i Meland kommune |
| 34/2015      | Kulturpris for Meland 2011 - 2015                               |
| 35/2015      | Synfaring og orientering om drifta i Marihøna barnehage.        |
| 36/2015      | Aktuelle saker  |

# Sakspapir

|                        |              |                   |
|------------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b>   | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Rita C. Kvalheim Sætre | FE - 033     | 15/1561           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 30/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Utval for levekår - 30/2015

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Randi Helene Hilland | FE - 033     | 15/1561           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 31/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Utval for levekår - 12.05.2015

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

### Utval for levekår - 31/2015

### ULK - behandling:

### ULK - vedtak:

Møtebok vert godkjent.

# Sakspapir

|                        |              |                   |
|------------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b>   | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Rita C. Kvalheim Sætre | FE - 033     | 15/1561           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 32/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Referatsaker

### Underliggende saker:

| Saksnummer | Tittel   |
|------------|--|
| 32/2015.1  | Juventes skjenkekontroll 2014  |
| 32/2015.2  | Protokoll Helseutvalet 10. april   |
| 32/2015.3  | Rapport - Kontroll av salsløyve  |
| 32/2015.4  | Rapport - Kontroll av salsløyve  |
| 32/2015.5  | Referat Samarbeidsutvalget for Nordhordland 18.05.2015   |
| 32/2015.6  | Idehåndbok og resultat av nasjonal spørreundersøkelse 2013: Arbeidsmetodikk og forekomst av forebyggende hjemmebesøk til eldre |

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

#### Utval for levekår - 32/2015

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Helge Kvam           | FA - F04     | 15/1403           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 33/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Orientering om Prosjekt kvardagsrehabilitering i Meland kommune

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

For å møte utfordringar knytta til å sikre innbyggjarane tenlege og berekraftige velferdstenester på kort og lengre sikt må kommunen kontinuerleg drive utviklingsarbeid med omsyn til korleis forvaltning og direkte tenesteyting vert organisert, av kven (type kompetanse) dei vert ytt samt kva innhald og nivå tenestene skal ha.

Det er mellom anna viktig at kommunen søker å prioritere ressursar og fokus på førebyggjande verksemd, rehabiliteringstiltak og tidleg innsats. Ein må arbeide for å legge betre til rette for at brukarane sjølv kan utnytte eigne ressursar og opptreningspotensiale utfrå individuelle føresetnader.

Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator §3 definerer rehabilitering slik: «*Habilitering og rehabilitering er tidsavgrensede, planlagte prosesser med klare mål og vikremidler, hvor fleire aktører samarbeider om å gi nødvendig bistand til brukerens egen innsats for å oppnå best mulig funksjons- og mestringsevne, selvstendighet og deltakelse sosialt og i samfunnet.*»

KS har frå hausten 2014 invitert kommunane til å ta del i effektiviseringsnettverk – «Korleis kome i gang med kvardagsrehabilitering i din kommune?». Meland kommune har no meldt seg på nettverket frå våren 2015, og starter opp prosjektdeltaking i perioden 2015-2016.

Viser her til meir sentral prosjektinformasjon via link: [Kvardagsrehabilitering](#)

Per mai 2015 er det om lag 150 kommunar som har erfaring eller er i oppstart med nettverket kring kvardagsrehabilitering. Erfaringar frå kommunar som har kome lengre i proesss med kvardagsrehabilitering er mellom anna å halde fram nokre sentrale kriterie for god måloppnåing i prosjektfase:

- Kvardagsrehabilitering må vere støtta av kommunal leiing (både politikk og administrasjon) og ha klare målsettingar.
- Kvardagsrehabilitering må planleggast med tilstrekkeleg ressursbruk og rett kompetansesamansetting.
- Kvardagsrehabilitering må vere tverrfagleg forpliktande.

- Kvardagsrehabilitering må ta utgangspunkt i brukar/innbyggjar sine ønskjer og individuelle målsettingar.

Medlemmar frå prosjektgruppa tek del i møte, og vil gje orientering om status i førebuing av prosjektarbeidet.

### **Vurdering**

Kvardagsrehabilitering er ein sentral arbeidsmetodikk i førebyggjande verksemd innan omsorgstenesta. Det er viktig at Meland kommune sikrar tenlege tiltak på lågt nivå jamfør prinsipp om beste effektive omsorgsnivå og omsorgstrapp.

Etablering av denne type prosjekt/tiltak er mellom anna tufta på føremålsparagraf i Lov om kommunale helse og omsorgstenester, men er og ressurskrevjande i ein oppstarts- og prosjektfase. Det primære målet er at arbeidsmetodikk skal kunne bidra til å dokumentere at den einkilde brukar og deira pårørande får betra livskvalitet, men det er og viktig at kommunen på sikt kan dokumentere effektar med netto reduksjon i tildelte vedtakstimar samt utsette trong for andre typar heimetenester og/eller institusjonsplass. I tillegg er det ønskjeleg at arbeidsmetodikk har relevans for arbeidsmiljø og trivsel hjå tenesteytarane.

Prosjektet er i ei etableringsfase og ein vil be Utval for levekår om å vere styringsgruppe i det vidare arbeidet i prosjektfasen.

Folkehelse – ingen merknad

Miljø – ingen merknad

Økonomi – ingen merknad

### **Konklusjon**

Rådmann rår til at ein etablerer prosjekt kvardagsrehabilitering i perioden 2015-2016. Ein vil prøve ut og dokumenterer effektar av arbeidsmetodikk med omsyn til vurdering av fast drift.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår er positiv til etablering av Prosjekt kvardagsrehabilitering, og vert styringsgruppe for det vidare arbeidet i prosjektperioden 2015-2016.

### **Utval for levekår - 33/2015**

#### **ULK - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg i møtet:**

Fellesrådet må få orientering av prosjektet snarast mogleg. Utval for levekår ber Fellesrådet om å vere referansegruppe for prosjektet.

Tilleggsframlegget vart **samrøystes vedteke.**

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår er positiv til etablering av Prosjekt kvardagsrehabilitering, og vert styringsgruppe for det vidare arbeidet i prosjektperioden 2015-2016.

Fellesrådet må få orientering av prosjektet snarast mogleg. Utval for levekår ber Fellesrådet om å vere referansegruppe for prosjektet.



# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Eirik Bouwer Utne    | FE - 076     | 15/1415           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 34/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Kulturpris for Meland 2011 - 2015

### Vedlegg:

Retningslinjer for Kulturpris i Meland

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kulturprisen for inneverande valperiode skal delast ut i år. Frist for å nominere kandidatar er 1. juni og har vorte lyst ut i Avisa Nordhordland, på dei kommunale heimesidene og den kommunale Facebooksida.

### Vurdering

Innkomne nominasjonar vert lagt fram i møtet.

### Folkehelse

#### Miljø

#### Økonomi

Ikkje vurdert særskild i saka.

### Konklusjon

Kulturpris for Meland 2011 – 2015 er oppe til handsaming.

### Framlegg til vedtak:

Utvalet vurderar nominasjonar i møtet.

## Utval for levekår - 34/2015

### ULK - behandling:

Møtet vart lukka med tilvising til kommunelova § 31 nr 2. Det vart delt ut oppsummeringsskriv frå tenestoområde Kultur. Sølvi Knudsen (Sp) deltok ikkje under behandlinga av denne saka, då ho hadde

levert inn ein av nominasjonane og dermed opplevde seg som inhabil.

**Framlegg til vedtak i møtet:**

- Kulturprisen for Meland 2011 – 2015 vert tildelt Klara og Kaspar Hansen.
- Leiar og nestleiar i utvalet får, i samarbeid med tenesteområde Kultur, i oppdrag å finne framtil eit kunstverk som skal utgjere prisen. Det er ynskeleg at det vert nytta ein lokal kunstar. Det vert i tillegg gitt ei pengegåve.
- Totalramme for kunstverk og pengegåve vert fastsett til kr 10 000, finansiert over tenesteområde 50 – Kultur.
- Kulturprisen vert utdelt på Kystsogedagane 30.08.15

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**ULK - vedtak:**

- Kulturprisen for Meland 2011 – 2015 vert tildelt Klara og Kaspar Hansen.
- Leiar og nestleiar i utvalet får, i samarbeid med tenesteområde Kultur, i oppdrag å finne framtil eit kunstverk som skal utgjere prisen. Det er ynskeleg at det vert nytta ein lokal kunstar. Det vert i tillegg gitt ei pengegåve.
- Totalramme for kunstverk og pengegåve vert fastsett til kr 10 000, finansiert over tenesteområde 50 – Kultur.
- Kulturprisen vert utdelt på Kystsogedagane 30.08.15

# Sakspapir

|                      |                    |                   |
|----------------------|--------------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b>       | <b>ArkivsakID</b> |
| Mette Marei Træland  | FA - A10, TI - &86 | 15/1571           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 35/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Synfaring og orientering om drifta i Marihøna barnehage.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune er som barnehageeigar i høve til Barnehageloven §7, ansvarleg for at barnehagen vert drive i samsvar med gjeldande lovar og regelverk.

Utval for levekår vil ha synfaring i Marihøna barnehage. Styrar vil gje ei orientering om drifta og det pedagogiske arbeidet i den kommunale barnehagen.

### Vurdering.

Folkehelse x

Miljø x

Økonomi x

### Konklusjon

#### Framlegg til vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa i høve til synfaringa i Marihøna til vitande.

#### Utval for levekår - 35/2015

#### ULK - behandling:

#### ULK - vedtak:

Utval for levekår tek orienteringa i høve til synfaringa i Marihøna til vitande.

# Sakspapir

|                        |              |                   |
|------------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b>   | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Rita C. Kvalheim Sætre | FE - 033     | 15/1561           |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 36/2015       | Utval for levekår | PS          | 08.06.2015  |

## Aktuelle saker

## Saksopplysningar:

## Framlegg til vedtak:

### Utval for levekår - 36/2015

#### **ULK - behandling:**

Det vart ikkje tatt opp saker under dette punktet.